



Arkivnr: 2019/11237-3

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld og Hanne Espe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvale	Saknr.	Møtedato
Utvale for kultur, idrett og regional utvikling		20.08.2019
Fylkesutvalet		30.08.2019

### Dagsturhytter i Hordaland for perioden 2019-2021

#### Samandrag

Dagsturhytteprosjektet i Sogn og Fjordane er utvikla som eit lågterskeltilbod for turgåarar i samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sparebankstiftinga / Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunane. Dei fleste av hyttene er på plass i kommunane. Fylkestinget løyvde i sak 28/19, 12. juni 2019, kr 2 mill. til prosjekt «dagsturhytter» i Hordaland. Saka gjeld bruken av denne løyvinga.

**Økonomi:** Fylkestinget løyvde i sak 28/19, 12. juni, kr 2 mill. til prosjekt «dagsturhytter».

Prosjektplanen avdekker trøng for vidare fylkeskommunale løyvingar for åra 2020 og 2021, til saman kr 7 mill. for prosjektperioden 2019-2021. Det må vurderast i samband med årsbudsjett og økonomiplan 2020-2023.

**Klima:** Nærfriluftsliv er eit satsingsområde som reduserer klimaavtrykket frå folk sine fritidsaktiviteter. Ei rekke tiltak er sett i verk frå ulike aktørar for å styrke arbeidet med tilrettelegging i nærmiljøet.

**Folkehelse:** Dagsturhytteprosjektet er eit folkehelsetiltak og i samsvar med Meld. St. 19 (2018-2019) «Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn» med strategiar for å styrke folkehelsearbeidet og legge til rette for sunne helseval.

**Regional planstrategi:** Eitt av hovudmåla er å vere eit inkluderande samfunn.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til modell for dagsturhytter i Hordaland for perioden 2019-2021 slik det er skissert i saka.
2. Løyvinga for 2019, kr 2 mill, skal nyttast til tilskot til bygging av 10 dagsturhytter.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å peike ut deltakar i prosjektgruppe og ressursgruppe for arbeidet.
4. Fylkesutvalet peikar ut ein (1) representant til å delta i styringsgruppa.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 13.08.2019**

## Dagsturhytteprosjektet i Sogn og Fjordane

### Bakgrunn:

«Dagsturhytta er eit lågterskeltilbod for turgåarar - ein plass for å ete matpakka si, få litt varme i seg og bla i bøker. Kvar hytte har eit nynorsk turbibliotek med mange ulike bøker. Prosjektet er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sparebankstiftinga / Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunane sjølve...» <https://www.sj.no/dagsturhytta.430892.nn.html>

Nokre av vilkåra for hyttene i kommunane i Sogn og Fjordane:

- Ei hytte i kvar kommune uavhengig av storleik på kommunen.
- Turmål valt ut av administrasjonen i kommunen. Hyttene er plassert på ulike stader etter dei retningslinjer som ligg i felles avtale. Det er hytter både ved sjø og på fjell.
- Allereie kjent turmål
- Gjerne knytt til eit turmål med kulturminne med tilhøyrande skilting.
- Maks 15 min køyring til utgangspunkt frå sentrum
- Forankring i kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.
- Avtale med grunneigarar/grunneigar. (Avtalen skulle vere ein del av tilbakemeldinga frå kommunen på val av plasseringsstad).
- Kommunale avtalar for driftsansvar.
- Lik farge på alle hyttene.
- Ingen varme, straum eller sanitæranlegg i hytta, men mogleg å leggje til rette for dette.

Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk støtte frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet Nynorske turbibliotek som er plassert i dagsturhyttene. Tilskotet er nytta til bøker og til ulike arrangement på hyttene.

Hytta er teikna av Rojo arkitekter i Trondheim og bygd av Reknes Byggjevarer. Dei byggjer hyttene på lageret sitt i Masfjorden, før dei blir frakta til stadane der dei skal monterast. På dei ferdige hyttene er det montert plakettar med logo og namn til stiftinga, fylkeskommunen og Norsk tipping.

### Organisering:

Føresetnaden for prosjektet har vore det tredelte samarbeidet mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sparebankstiftinga / Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunane. Fylkeskommunen har koordinert tiltaket, etablert felles innkjøpsordning og rådgjeving. Det er kommunane som underteiknar avtale med leverandør og har ansvar for kvart av delprosjekta. Sparebankstiftinga løyver midlar til samfunnsnyttige prosjekt av overskotet frå Sparebanken Sogn og Fjordane, i hovudsak i banken sitt opphavelige forretningsområde (definert til Sogn og Fjordane), og har bidrige med kr 200.000 til kvar av dei 26 hyttene i kommunane.

Dagsturhytteprosjektet vart etablert som ei ordning der kommunane kunne søkje om å delta. Vilkåra for kommunane var at alle 26 måtte gå inn i samarbeidet. Det vart jobba mykje med informasjon i kommunane før alle skreiv under på avtale med leverandør. Innkjøpet vart koordinert av fylkeskommunen gjennom felles innkjøpsordning. Vidare måtte det gjerast avtale om drift av hyttene. Dette er løyst på ulike måtar i kommunane i Sogn og Fjordane.

Sparebanken Sogn og Fjordane har kundar også i Bergen. Bergen kommune fekk difor tilbod i 2017 om å bygge 1-2 dagsturhytter på byfjella med same vilkår som hyttene i Sogn og Fjordane. Dette fekk ikkje tilstrekkeleg forankring i kommunen, og initiativet vart ikkje følgjt opp vidare.

### Økonomi:

Dagsturhyttene var budsjetterte med ein kostnad på 600.000 kvar. Finansieringa i Sogn og Fjordane var i utgangspunktet ei tredeling mellom Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane (kr 200.000,-), spelemidlar (kr

200.000,-) og momskompensasjon (kr 200.000,-). Restfinansieringa har dermed vorte eit ansvar for kvar kommune.

Tal frå Sogn og Fjordane fylkeskommune viser at den rimelegaste hytta som er sett opp fekk ein totalkostnad på om lag kr 750.000. Den dyraste ligg på kr 1.4 mill. Skilnadane i pris gjeld m.a. varierande grunnarbeid, ekstra kostnad til frakt/montering og ekstra element som solceller til lys, kjelder til oppvarming og sanitæranlegg. Erfaringar viser at maksprisen på kr 550.00,- som vart sett som tak i anbodskonkuransen, vart vanskeleg for leverandørane å halde seg innanfor. Det var få tilbydarar som deltok i konkuransen.

Fraktkostnaden låg inne som del av totalkostnaden til kommunane. Det dukka opp fleire utfordringar, m.a. måtte ein justere storleik grunna tunelloppningar og det vart fleire helikopterløft då elementa vart tyngre enn ein hadde tenkt. Denne ekstrakostnaden på til saman om lag kr 4 mill. vart fordelt på kommunane. Totalkostnaden for dei 26 hyttene er på om lag 33 millionar.

#### Erfaringar:

Dagsturhyttene har i løpet av kort tid blitt eit populært tilbod og tiltaket har skapt gode resultat på friluftsområdet i Sogn og Fjordane. Prosjektet skal etter planen evaluerast av Vestlandsforsking, som m.a. skal sjå om hyttene har ført til auka turaugåing blant nye grupper.

### **Vidareføring av Dagsturhytteprosjektet i Hordaland**

Fylkestinget løyvde i sak 28/19, 12. juni 2019, kr 2 mill. til prosjekt «dagsturhytter». Saka gjeld bruken av denne løvinga. Fylkesrådmannen har førebudd saka gjennom drøfting med partane i Sogn og Fjordane og gjer framlegg om ein modell som er nokså lik fylket i nord, men som også er tilpassa folkesetnad og kommunestruktur i dagens Hordaland.

#### Organisering:

På same vis som i Sogn og Fjordane legg fylkesrådmannen legg opp til at prosjektet vert organisert som eit fagleg og økonomisk samarbeid mellom fleire aktørar, kvar med klart definert ansvar og roller. Prosjektet skal gjennomførast i perioden 2019-2021.

Fylkesrådmannen foreslår å etablere ei styringsgruppe med representantar frå følgjande aktørar;

- Hordaland fylkeskommune, folkevald (frå 2020 Vestland fylkeskommune)
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- 1 kommune, folkevald

Fylkesrådmannen foreslår også å etablere ei prosjektgruppe med representantar frå følgjande aktørar;

- Representantar frå ulike avdelingar i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Forum for natur og friluftsliv
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- 2 kommunar
- Ungdommens fylkesutval

Fylkesrådmannen foreslår at det vert det etablert ei ressursgruppe med følgjande aktørar;

- Bergen og Hordaland turlag
- Bergen og Omland friluftsråd
- Friluftsrådet Vest
- Norges Jeger og fiskeförbund - Hordaland
- Hordaland idrettskrets

I samsvar med vedtak i fylkestinget foreslår fylkesrådmannen at prosjektet vert realisert gjennom ei søknadsordning med retningslinjer som mellom anna regulerer følgjande:

- Kommunane kan velje å nytte seg av tilboden.
- Kvar kommune (etter gjeldande struktur i 2019) kan søkje om ei hytte, med unnatak av Bergen som kan søkje om fleire.
- Prosjektet må planforankrast i kvar kommune for å kunne søkje om spelemidlar.
- Lys og varme vil vere tenleg i ein del av hyttene for å auka bruken heile året.
- Sanitæranlegg vert tilrådd knytt til dei hyttene der ein i samråd med kommunen ser det vil bli eit behov.
- Det er ønskjeleg med eit bibliotek i hyttene og ein plan for ulike arrangement.
- Opparbeiding av turløyper til hyttene, og merking og gradering av desse må vere ein del av prosjektet.
- Det er ønskjeleg å knytte kulturminne til dagsturhyttene der det ligg til rette for dette.
- Det er ønskjeleg med brei medverknad i høve prosessane kring plassering, opparbeiding og drift.
- Nokre av hyttene bør vere universelt utforma.
- Plakettar med logo skal vere i følge mal utarbeidd av fylkeskommunen; vere smakfulle i storleik og ha med namn på kommunen, i tillegg til dei som er med å finansiere og ev. andre aktørar som medverkar til oppføringa.

**Økonomi:**

Fylkesrådmannen legg til grunn at prosjektet vert realisert i spleiselagsmodell. Erfaringstala frå Sogn og Fjordane gjer at ein kan rekne at gjennomsnittsprisen for etablering av ei dagsturhytte vert på om lag ein million kr. Med grunnlag i dagens kommunestruktur og ekstra innsats i den folkerike Bergen kommune, gjer fylkesrådmannen framlegg om å etablere 35 dagsturhytter i Hordaland. Det samla investeringsbehovet med dette prosjektomfanget vert minimum 35 mill. kr. Dette kan verte justert etter anbodskonkurransen. Vidare tilrettelegging, lys og varme og sanitæranlegg mv kjem i tillegg til grunnkostnaden. Grunnfinansieringa av kvar hytte vert slik:

Tilskotsgjevar:	Løyving:	Merknad
Hordaland fylkeskommune:	200.000	
Spelemidlar	333.000	1/3-del av prosjektkostnaden
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane:	100.000	
Kommunane	367.000	
MVA kompensasjon (til fratrekk)		Kommunen er tiltakshavar og mva-kompensasjon er avhengig av prosjektkostnaden
<b>Totalt:</b>	<b>1.000.000</b>	

Styret i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er positiv til å bidra dersom dagsturhytteprosjektet skal vidareførast i Hordaland. Dei ønskjer å bidra med kr 100.000 til kvar hytte, med utgangspunkt i kommunestruktur frå 1.1.2020 – altså 25 hytter (kr 2,5 mill.). Kommunane i Sogn og Fjordane fekk kr 200.000,- frå stiftinga til kvar hytte. Fylkesrådmannen har vore i dialog med stiftinga, og dei vil i styremøte 21. august – med utgangspunkt i denne saka - drøfte ei ev. auke av denne summen for å kunne byggje inntil 35 hytter i Hordaland.

Det er førebels ikkje drøfta evt bidrag frå andre partar.

## Framdriftsplan

Tidsplan	Hordaland fylkeskommune	Leverandør	Kommunar
20. og 30. august	Politisk vedtak i KIRU og FUV		
1. september		Ulysinga av anbod, avgrensingsprosess.	Invitere kommunar til å vere med i prosjektstarten hausten 2019, på bakgrunn av innhaldet i saka.
15. september		Anbodsrunde med kvalifiserte mottakarar (3-5 stykk)	Informasjon på Dialogkonferanse idrett og friluftsliv (17 og 18. september)
30. september		Frist for å legge inn tilbod	Frist for å melde kommunal interesse til første runde med hytter i Hordaland.
15. oktober		Forhandlingsperiode	Tilsagn til inntil 11 kommunar – etterkvart som det føreligg politisk vedtak i kommunane. - Inngå kontrakt og vidare samarbeid om kommunale prosessar
1. nov		Tildele kontrakt (ev. klagehandsaming)	Arbeid med plassering, politiske vedtak og forankring i plan. Eigen plan for drift og finansiering.
15. nov		Inngå kontrakt	
Desember 2019	Budsjettahandsaming		Budsjettahandsaming
Haust 2020			Utplassering av dei første hyttene
2020	Budsjettahandsaming (desember)		Ulysning og tilsagn 11 «kommunar» (kommunegrenser i dagens Hordaland)
2021			Ulysning og tilsagn 11 «kommunar» (kommunegrenser i dagens Hordaland)

### Disponering av løyvde midlar i 2019

Fylkestinget løyvde i sak 28/19, 12. juni 2019, kr 2 mill. til prosjekt «dagsturhytter». Fylkesrådmannen foreslår at desse midlane vert likt fordeling på inntil 10 hytter, med kr 200.000 per hytte. I tillegg kan kommunane søke om spelemidlar for 1/3 av totalsummen inntil kr 1 mill. Dersom det ikkje vert fleire løyvingar i budsjetta for Vestland fylkeskommune 2020-2021 vert prosjektet avslutta. Ordringa vil gjelde førstemann til mølla. Tilskotet til kommunane vil vere likt, uavhengig av kva prisklasser dei vel for sine hytter utover det som vil ligge i avtalen med leverandørane etter konkurransen.

Prosjektet vil krevje ressursar i administrasjonen, og det må setjast av tid og stillingsressurs til dette innan gjeldane budsjetttrammer. Dette gjeld Økonomi- og organisasjonsavdelinga v/ innkjøpsseksjonen (anbod og kontakt med leverandør) og Informasjonsseksjonen, og Kultur og idrettsavdelinga (idrett og friluftsliv og fylkesbiblioteket). I tillegg bør Regionalavdelinga (tettstadutvikling og folkehelse) og ha ei aktiv rolle. Det er eit godt samarbeid med fagpersonar i ulike avdelingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette vil vere med å sikre god overføring og eit godt grunnlag for ein god avtale for kommunane i Hordaland.

### Vidareføring av prosjektet frå 2020

Frå og med 2020 vert dette eit prosjekt for Vestland fylkeskommune. Dersom ein ønskjer å vidareføre prosjektet meiner fylkesrådmannen at det er ein føresetnad med vidare løyvingar i prosjektperioden, til saman kr 7 mill. 1/3 av kostnaden til hyttene kan finansierast av spelemidlar. Slik avklaring må gjerast som del av handsaminga av årsbudsjett og økonomiplan.